



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-29

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet	24.02.2025	3/25

Etterarbeid ungdataundersøkinga 2024

Bakgrunn for saka

3 representantar frå Tokke ungdomsråd(leiar Per Gjermund L Askje, medlem Emma Heggard og medlem Ingeborg Otterholt) hadde presentasjon i kommunestyret tysdag 11.februar.

Der fekk politikarar ei innføring i funn frå årets ungdataundersøking og korleis ungdomsrådet ynskjer å jobbe vidare med resultat. Resultata i Ungdata er ungdommanes egne tal, og dei er opptekne av å sjølv tolke funn og jobbe med det som dei finn interessant.

Vurdering

Ungdomsrådet ynskjer å lage små temabaserte videosnuttar, inspirert av Ungdområdet frå Giske kommune. I den samanheng har dei invitert Knut Magne Momrak frå Vest-Telemark vgs til å kome med gode innspel og råd i forarbeidet.

Konklusjon

Ungdomsrådet vel ut fokusområder og lagar skriftleg dreiebok(manus) som skal vere grunnlaget for innspilling av video. Målet med denne/desse vidoane er å dele informasjon om korleis det er å vere ungdom i dag. Det er eit mål at video skal vere ferdig innan utgangen av mai.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke ungdomsråd vel ut fokusområder og lagar skriftleg dreiebok(manus) som skal vere grunnlaget for innspilling av video. Målet med denne/desse vidoane er å dele informasjon om korleis det er å vere ungdom i dag. Det er eit mål at video skal vere ferdig innan utgangen av mai.

Ungdomsrådet si handsaming av sak 3/2025 i møtet den 24.02.2025

Røysting

Kommunedirektørens tilråding blei vedteke med 7 mot 1 røyster.

Julie Konstanse Veen Hagen røysta mot.

Vedtak

Tokke ungdomsråd vel ut fokusområder og lagar skriftleg dreiebok(manus) som skal vere grunnlaget for innspilling av video. Målet med denne/desse videoane er å dele informasjon om korleis det er å vere ungdom i dag. Det er eit mål at video skal vere ferdig innan utgangen av mai.
